



Lrom Entreprenør AS
Kåre Romarheim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4478 - 16/21568

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

11.08.2016

Foreløpig svar vedrørende løyve til etablering av 8 naust mot nordt - gbnr 195/10 Leiknes

Vi takker for din epost av 10.08.2016. Vi har eit sterkt ynskje om å få saka inn på riktig spor, og sender difor ei kort tilbakemelding på din epost.

Vårt brev av 10.08.2016 var ein opplysning til ansvarleg søkjar og tiltakshavar om vår konklusjon på at 3 års fristen var oversittet basert på dei opplysningane vi hadde i saka.

Sakshandsamar hadde på førehånd ein hyggeleg telefonsamtale med ansvarleg søkjar. Vi fikk ikkje noko form for tilbakemelding om at ansvarleg søkjar hadde andre synspunkter då vi la fram våre foreløpige vurderingar av saka. På slutten av samtalen gjorde vi ansvarleg søkjar merksam på at saka kunne ordnast med ein gong dersom det vart sendt inn søknad i eitt trinn for nausta mot nord, og sendte soleis ut skrivet for å få fortgang i saka. Vårt mål var å sikre at dei påbegynte nausta kunne kunne fullførast innanfor ynskja tidsfrist.

Det som gjer saka komplisert er at det ligg føre to ulike vedtak:

1. Vedtak datert 24.09.2012 (sak2012/351) gjeld etablering av småbåthamn med 7 naust i sør.

I løyve går det fram at det gis løyve til etablering av småbåthamn og 7 naust, tilhøyrande kai og uteareal i samsvar med med teikningar kart og skildring motteke den 08.08.2012. I søknaden går det fram at dette gjeld «vei... samt heile utomhusanlegget» samt «parkeringsplass» og «anlegg».

2. Vedtak datert 26.09.2012 (sak 2012/1198) gjeld for oppføring av 8 naust mot nord.

I søknaden er det opplyst at det er søkt om oppføring av «nytt bygg». I løyve står det at søknaden vart delt i to og handsama separat, med naust sør og uttrigg i ein søknad, og resterande nausta i nord for seg».

Vi har vurdert at sprengings- og terrengarbeida som er utført på staden er knytt til vedtaket av 24.09.2012. Dette gjeld også for planeringsarbeida som er utført på eigedommen og utgjer «uteareal».

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Oppføring av ringmur, støpt plate og utført tømmerarbeid knytt til nausta mot nord vart vurdert som arbeider knytt til vedtaket av 26.09.2012. Då dette arbeidet vart påbegynt i 2016 rekna vi med at løyve av 26.09.2012 soleis vart gått ut på dato.

Dette er ei foreløpig tilbakemelding. Vi vil gjennomgå saka på nytt med bakgrunn i dine merknader. Skulle det ha skjedd ei feilvurdering vil dette sjølvstakt bli retta opp.

Vi gjer deg særleg merksam på at Lindås kommune ikkje har utstedt noko enkeltvedtak eller krevd stans av arbeid på plassen.

Kopi er sendt tiltakshavar og ansvarleg søkjar Kålås & Son Byggevarehandel AS til orientering.

Med helsing

Hogne Haugsdal
Assisterande Rådmann

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Leknes Bygge v/Vidar Bernes

Sauvågen 83 5915
Kvassnesveien 11 5914

HJELMÅS
ISDALSTØ

Mottakarar:
Lrom Entreprenør AS